

Ein dag og eit land verdt å feire?

Eit forsøk på 17.-mai-tale med digresjonar

Skrive av Svein Lund og lagt ut på eiga Facebookside 17.–19.05.2024

1.

17. mai er over oss. Med talar og songar som på eine sida skal konsolidere oss alle som nasjonalistiske og gode nordmenn, dekke over interne motsetningar og skjule kva som gjømmar seg bak frasane til dei med dei lengste 17.-mai-sløyfene.

I min utlendighet på dagen har eg hatt god tid å filosofere over dette, og her kjem første del av mine filosoferingar, som tar utgangspunkt i nokre av dei songane som særleg blir sunge ein dag i året.

*For Norge, Kjempers Fødeland,
vi denne Skaal vil tømme!
Og naar vi først faar Blod paa tand,
vi sødt om frihed drømme.
Dog vaagne vi vel op engang
og bryde Lænker, Baand og Tvang.*

Da denne songen blei skriven i 1771, måtte forfattaren vere anonym. Det tok seg nemlig ikkje ut for ein prest, altså offentleg embetsmann i det dansk-norske kongeriket, verken skreiv drikkeviser eller fremma norsk nasjonalisme.

Knappt eit haldt århundre seinare, var Noreg ikkje lenger under Danmark, men under Sverige. No kom vår første virkelige nasjonalsang, *Sønner af Norges det ældgamle Rige*, skriven av Henrik Anker Bjerregaard i 1820. Denne blei meir eller mindre avløyst da Bjørnstjerne Bjørnson i 1859 skreiv *Ja, vi elsker*, som faktisk først i 2019 blei lovfesta som norsk nasjonalsong.

I 1890 kom så det som har vore rekna som den norske nasjonalsalma, som har så fint rim og fin melodi at ein ikkje kan anna enn å la seg rive med uansett om ein no trur eller ikkje at det er Gud som har styrt den norske historia:

*Gud signe vaart dyre Fedreland
Og lat det som Hagen bløma!
Lat lysa din Fred fraa Fjell til Strand
Og Vetter fyr Vaarsol røma!
Lat Folket som Brøder saman bu,
Som Kristne det kann seg søma!
Vaart Heimland i Myrker lenge laag,
Og Vankunna Ljoset gøynde.
Men Gud, du i Naade til oss saag,
Din Kjærleik oss ikkje gløynde:
Du sende ditt Ord til Norigs Fjell,
Og Ljos yver Landet strøynde.*

Elias Blix som skreiv denne var den einaste av desse diktarane som kom frå Nord-Norge og han er vel like kjent for songen *Å eg veit meg eit land*.

Alle desse songane, som vi no syng på 17. mai er altså skriven i den tida Noreg var underlagt Danmark eller Sverige. Alle skriv meir eller mindre noregshistoria på vers, med vekt på dei store heltane som kjempa for landet.

Den politiske budskapet er ein kamp for Noreg, for landet og folket, som er føresett å vere ein einskap med felles interesser.

Det er songar skrive av menn, i hovudsak om menn og for menn. Einaste unnataket er vel Bjørnsons *Kvinner selv stod op og strede som de vare mænd*.

Det er ei forteljing om eit samfunn som synest å vere utan klassar og motstridande interesser. Den einaste undertrykkinga kjem utifrå, i dette tilfellet frå Danmark:

Dog vaagne vi vel op engang og bryde Lænker, Baand og Tvang.

Alle desse songane er skrive før det blei allmenn røysterett i Noreg, men dette er ikkje tema. Utgangspunktet er menn i overklassa som hadde røysterett. At det fantest ein opposisjon og at denne blei hardt undertrykt, er heller ikkje tema, verken i dei nasjonale songane eller i 17. mai-talane. På 1800-talet blei lenge alt som truga det beståande, borgarskapet og kyrkja si makt slått ned, anten det var haugianarar, opprørarane i Guovdageaidnu 1852 eller thranittarrørsla.

Etter kvart blei arbeidarrørsla så sterk at det ikkje var mogleg å halde henne nede. Den heilage alliansen mellom overklassa og kyrkja held likevel fram, om ikkje så tett som før. Nokre få våga å seie det rett ut, som Arnulf Øverland i 1931:

Stryk kristenkorset av ditt flagg,

Og heis det rent og rødt!

La ingen by dig det bedrag.

at "frelseren" er født!

Og vil du ikke dø som trell,

Så får du saktens fri dig selv!

Det var først da krigen kom og han skreiv nasjonale og samlande dikt at han blei anerkjent.

Den norske nasjonalismen retta seg først mot utanlandsk, eller dansk og svensk styre. Seinare fann den sin hovudmotstandar i landet: dei nasjonale minoritetane – samar, kvenar og taterar/romfolk. Den nasjonale oppgåva blei å gjøre alle innbyggjarar i Noreg norske. Frå midten av 1800-talet blei det sett inn middel som Finnefondet, fornorskingsplakat, internatskolar, tvangstiltak mot reisande, utbygging av norsk radio i Finnmark, Finnmarksnevnden osv. Folkegrupper som til saman utgjorde eit fleirtal av befolkninga i det største fylket, blei utnemnde til staten sine fiender, i alle fall om dei ikkje ville la seg assimilere.

Ett sprog i Finmarken. Det er målet. Orda blei uttalt av den kjente diktaren Nils Collet Vogt, som trass i høgborgarlig bakgrunn slutta seg til arbeidarrørsla og skreiv songar for denne.

Rolla han spela som ideologisk forsvarar av fornorskinga er seinare bortforklart slik:

Et sterkt patriotisk innhold har Smaa breve fra Finnmarken. (SNL)

2.

I første episode skreiv eg om den nasjonalistiske diktinga under den danske og svenske overmakta, som gjerne var fri for både klassemotsetningar og nasjonale minoritetar. Men det fanst unnatak, og eit av dei er så godt at dette versa stort sett er underslått i skolebøker og anna offentlig bruk. Det gjeld Ivar Aasen sin *Mellom bakkar og berg*:

Sud om havet han stundom laut skrida:

Der var rikdom på benkjer og bord,

men ikring såg han trelldommen kvida

og så vende han atter mot nord.

Lat no andre om storleiken kivast,

lat deim bragla med rikdom og høgd,

mellom kaksar eg inkje kan trivast,

mellom jamningar helst er eg nøgd.

Nokre år seinare, i 1926, hadde Noreg vore sjølvstendig i 21 år, men for dei fleste var livet likevel svært forskjellig frå dei høgstemte orda til dei som song nasjonalsongen høgast. Da skreiv Rudolf Nilsen:

Fedreland

Åja, vi også elsker dette landet

med sot og skorstensrøk og gatestøv,

den trange sprekk imellem grå kaserner
hvor solen bare har en times frist.
Vi lenges vel iblandt mot noget annet:
en li med vind og sus og sang i løv,
en strand med hav og himmel, sol og stjerner,
en skog med kvaeduft fra bark og kvist.
Men dette er vårt land. Her har vi hjemme.
Og hvad vi drømmer kommer ingen ved.
Vi elsker gaten - ja vi elsker landet,
som vi befolker her så altfor tett.
Og alle andre drømmer må vi gjemme
i dypet av vårt mørke sind et sted.
For den skal være fredløs og forbannet
som sviker gaten og sin egen ætt.

Nokre våga seg etter kvart å gå laus på dei nasjonale symbola og gå inn for meir folkelige og naturlige symbol. Eg har alltid hatt stor sans for skogsarbeidaren Hans Børli sitt dikt:

Riksvåpen
Ikke ei løveklo
krummet om øksa
mot en rød bunn,
men en fuglefot -
foten til ei grå-meise,
naken, røyktynn,
krummet om iset grein
mot en grønn vinterhimmel.

Finn vi så, i desse sannings- og forsoningstider, ein song eller eit dikt som sameinar heile folkesetnaden i Noreg, og tar med dei nasjonale og språklige minoritetane, både innfødde og innvandra? Eg har ikkje funne det, men om nokon veit om eit slikt dikt eller song, så vil eg gjerne vite om det. Om ikkje, er det kanskje på tide å skrive det.

I mellomtida må vi da sjå kva minoritetane har gjort sjølve. Mest kjent her er *Sámi soga lávlla*, eller Samefolkets sang, som no har status som samisk nasjonalsong over grensene. Songen er skriven i 1906, akkurat mens den norske nasjonalismen var på topp, rundt lausrivinga frå Sverige. Men den norske nasjonalismen var også på topp i form av fornorsking av samar og kvenar. Forfattar var Isak Saba, som same året blei den første samiske stortingsrepresentanten. Denne songen er skriven i ein høgtidelig stil, trulig påverka av nasjonalsongar, og han blei da også kalla samisk nasjonalsong lenge før han fikk ein slik offisiell status. Songen er sjølvstendig i original, men da trulig dei fleste lesarane ikkje er så stødige i nordsamisk, gjengir eg i staden den norske gjendiktinga av Jacob Børretzen.

Langt mot nord under Karlsvognen sakte stiger Samelandet: Vidde seg bak vidde strekker, sjø ved sjø hvor øyet rekker. Lier, åser, snaue rabber hever seg mot himmelbrynet. Elver bruser, skoger suser, stålgrå, steile fjell-nes skyter mot det ville hav seg ut.

Vintertid med storm og kulde, snefokk uten mål og måte. Sameslekten dog av hjertet henger med sitt hjem og yrke. For en vandrer månen skinner, nordlys flimrer, stjerner tindrer. Reingrynt høres mellom krattet, sus og brus fra sjø og slette, pulkestøy langs vintervei.

Og når sommersolen gyller fjell og skoger, hav og strender, fiskere i gullglans gynger, gynger stilt på hav og innsjø. Gyllent glinser svømmefugler og som sølv de store elver. Staker glimter, årer glitrer, Folket under sang det farer gjennom stiller, stryk og foss.

Samelandets ætt og stamme utholdt har og tålt så mange herjingstokter, bannskaps-handler, frekke falske skattefuter. Hill deg, seige samestamme! Hill deg, fredens rot og flamme! Aldri er der kamper kjempet, aldri broder-blod har runnet i den stille sameslekt.

Våre fedre før har seiret over dem som urett øvet. La oss også motstå, brødre, dem som vil oss underkue! Solens sønners seige avkom! Aldri skal du overvinne som ditt gyldne språk du vokter, husker dine fedres tale: *Sameland for samene!*

(Hør gjerne samisk original med engelsk teksting her: <https://www.youtube.com/watch?v=XaoE0rqLWW8>)

Mange har i vår tid reagert mot avslutningsorda *Sámi eatnan sámiide!*, omsett til *Sameland for samene*. Dei har vore skulda for å vere både nasjonalistiske, sjåvinistiske og rasistiske og brukt som bevis på at når dei samiske organisasjonane syng dette, viser det at dei vil opprette ein eigen samisk stat og starte etnisk rensking mot andre folk i samiske område. Så galt kan det gå, når ein tar ting ut av sin historiske samanheng, og gjerne har eigne fordommar ein vil ha bekrefta. Da songen blei skrive var stoda at samane var i ferd med å miste sine tradisjonelle område. Det pågikk både organisert og uorganisert innvandring, og innvandrarene blei favoriserte av norske styresmakter. 4 år tidligare hadde Stortinget vedtatt jordsalgslova for Finnmark, som sa at jord bare måtte seljast til dei som snakka og skreiv norsk og brukte dette språket til daglig. Isak Saba sin kommentar var: "Vil ikke gresset vokse like bra på enga, om man taler norsk eller samisk? Holder det ikke med at samene må kjøpe den jord som fra gammelt av har vært deres egen? "

Parola *Sameland for samene* var ei parole for at samene skulle få beholde sitt eget og ikke bli fratatt det av storsamfunnet. Det var ikkje ein samisk parallell til *Norge for nordmenn*, som har vore eit slagord for innvandringsfiendtlige og rasistiske krefter på ytre høgre fløy.

Kor vil eg med dette? Jo, til det enkle faktum at nasjonalisme og nasjonalisme ikkje treng å vere det same. Nasjonalisme i ein undertrykt nasjon, anten det er Noreg under Danmark, Sverige eller Tyskland, Sápmi og Kurdistan under fire statar, Palestina under Israel, Baskerland under Spania og Frankrike, dei baltiske landa under Sovjetunionen osv, var eller er rettferdige kampar. Nasjonalisme i ein undertrykkande og/eller imperialistisk stat er noko heilt anna.

Og her er eg på det eg vil følgje opp i neste del av denne følgjetongen: Har den norske nasjonalismen skifta karakter? I såfall når?

Og kva betyr det da om ein i 2024 syng dei same songane som blei brukt til å fremme norsk sjølvstendigheit for mellom 250 og 120 år sidan?

Men den artikkelen kjem ikkje i dag, for no er nasjonaldagen ugjenkallelig snart slutt, både etter norsk og polsk tid. God natt så lenge!

3.

Så er isen og pølsene spist og ølet drukke, og barna vaknar med magesjuke og dei vaksne med fyllesjuke og 17.-mai-sløyfene og bunadane kan pakkast bort til neste gong. Dei store orda er sagt og få har våga å seie mot dei.

Trygt plassert i utlandet vil eg halde fram talen som ikkje blei ferdig i tide, men som likevel ingen hadde hatt tid å høre på eller lese på dagen.

Førre episode endte med at eg skreiv om nasjonalisme i undertrykte nasjonar og undertrykkarnasjonar og spurte om – og i såfall når – den norske nasjonalismen skifta karakter. Svaret mitt er at det ikkje er mogleg å sette eit årstal, f.eks. 1905, 1940 eller 1945. Den norske nasjonalismen har hatt drag av begge delar over lang tid.

Den eine etter den andre av nasjonalsongane som er nemnde i førre delen forherligar den stolte fortida da norske vikingar herja, brente og koloniserte både sørover, vestover og nordover. (Vikingar herja som kjent også austover, men dei blei rekna som svenske, og kjem derfor ikkje med i dei norske nasjonalsongane.) Det står sjølvstendigheit ikkje verken herja, rana, brente eller koloniserte i songane, det står kamuflert som f.eks. *Mandige Skarer Bølgen befarer, Norriges Ros bær til fjerneste Kyst*. Fridomsidealane var ikkje universelle, dei gjaldt oss, Noreg.

Etter ei "stolt" fortid som kolonist i Finnmark og tildels på Kola, på Island, Færøyane, Grønland, Skotland, Irland og Normandie blei Noreg frå 1400-talet meir og meir underlagt Danmark. Noreg blei religiøst reformert i 1537 på direkte ordre av Kongen i København, som brukte dette til å tileigne seg store eigedomar. Frå København kom også ordren om utbygging av

gruver etter jern og koppar, sølv og andre metall, der kom ordren om ein storstilt innsats for å påtvinge samane den rette trua, noko som blei nidkjært gjennomført av nordmannen Thomas von Westen og hans medarbeidarar, der dei aller fleste var norske, ikkje danske.

Koloniseringa av Sápmi starta med "finneferder", allereie før Harald Hårfagre "samla Noreg til eitt rike", fortsatte under Noregsveldet, blei institusjonalisert under danskeveldet og heldt fram under unionen med Sverige. Men først med den nasjonale reisinga på andre del av 1800-talet blei det ein statlig politikk at kulturen og språket til samar og andre nasjonale minoritetar skulle utryddast fullstendig. Dei som sto i spissen for den nasjonale lausrivinga frå Sverige, var ikkje eit hår betre enn dei som ville halde på unionen. Nynorskfolket forsvarte ikkje samisk og kvensk språk meir enn riksmålsfolket gjorde. Samtidig med at nynorsk blei likestilt med bokmål og det blei bestemt at skolen skulle bygge på dialektane, sa lova at samisk og kvensk skulle ut så langt som råd. Det fremste fornorskingspartiet var det nasjonalistiske Venstre.

Arbeidarrørsla var lite engasjert for språk og nasjonale kulturar. Med unnatak av nemnde stortingsrepresentant Isak Saba og støttespelarane hans, var det i Arbeiderpartiet liten opposisjon mot fornorskingspolitikken før etter andre verdskrigen. Det var det heller ikkje i NKP. Krigen førte til eit stort oppsving for nasjonalistiske kjensler i Noreg. No la ein klassekampen til side og sto saman om å få okkupantane ut. Kommunisten Nordahl Grieg skreiv:

*I dag står flaggstangen naken
blant Eidsvoll's grønnende trær.
Men nettopp i denne timen
vet vi hva frihet er.
Der stiger en sang over landet,
seirende i sitt språk,
skjønt hvisket med lukkede leber
under de fremmedes åk.*

Fram til brenninga av Finnmark og Nord-Troms hadde krigen knapt noko særlig fornorskande verknad. Snarare verka han som ei bremse, fordi dei fornorskande skolane i stor grad var ute av drift. Det som derimot ga fornorskinga eit stort steg framover, var evakueringa frå kystområda der enno ein del av befolkninga snakka samisk eller kvensk. Dei evakuerte blei plasserte i norskspråklige område, og dei gikk i stor grad over til å snakke norsk til barna. Her går eit ganske skarpt skilje mellom dei som hadde byrja å snakke før evakueringa og dei som gjorde det etterpå.

Samar og kvenar, som i mellomkrigstida var sett på som nasjonalt upålitelig element, blei no norske som aldri før, og det var knapt nokre av dei å finne blant okkupantane sine støttespelarar. Dette bidrog nok til at fornorskingspolitikken, i alle fall i ord, ikkje blei ført med same kraft etter krigen. I praksis heldt han likevel fram, nærast av gamal vane. Både samar, kvenar og nordmenn i nord var først og fremst opptatt av den materielle gjenreisinga. Først når denne i hovudtrekk var gjennomført, blussa striden opp: Skulle ein halde fram fornorskinga, eller la dei få som enno snakka samisk fortsette med det og kanskje til og med bruke språket i skolen.

Arbeiderpartiet var no blitt det viktigaste maktpartiet, og sidan det ikkje tok noko oppgjør med tidligare fornorsking, blei det også det viktigaste fornorskingspartiet. Mye av striden om fornorskinga skulle også komme til å gå innafor dette partiet, men i all hovudsak sto partiet som eit fornorskingsparti i alle fall fram til ut på 1980-talet. Kva som da skjedde skal vi komme tilbake til. I dikting, krigslitteratur og 17.mai-talar står 2. verdskrigen som ein krig mellom Nazi-Tyskland og Noreg. Så enkelt var det sjølv sagt ikkje. Det var ein verdskrig, i enno større grad enn den første, og han omfatta i alle fall store delar av Europa, Asia og Nord-Afrika, samt USA som kunne føre kampen på bortebane og nytte han til å stige til ein posisjon landet aldri før hadde vore i nærleiken av. Krigen, der store delar av det gamle norske maktapparatet heldt til i England og USA, førte til at det blei knytta band, som heldt seg i etterkrigstida. At Storbritannia da var verdas største kolonimakt, som hadde røva rikdomar og undertrykte folk over halve verda, blei ikkje sett som noko hinder av "arbeiderregjeringa". Heller ikkje at USA med nykoloniale metodar heldt kontroll over mesteparten av det amerikanske kontinentet. Under krigen hadde nordmenn kjempa med

britiske uniformer og handelsflåten levert for dei allierte. Vegen var ikkje så lang til å inngå ein allianse også i fredstid. At kong Haakon i krigstida hadde hatt ei fastere haldning mot nazistene enn mange politikarar gjorde han til eit nasjonalt symbol og motstanden mot kongedømet forsvann. Bare 4 år etter at krigen var avslutta var den norske regjeringa klar til å gi frå seg delar av det sjølvstendet som ein hadde kjempa for. Med medlemskapen i NATO blei det norske forsvaret underlagt interessene til USA og stormaktene i Vest-Europa, i første omgang kolonimaktene Storbritannia og Frankrike. Med det blei Noreg også del av ein allianse for å forsvare kapitalismen mot sosialismen og forsvare kolonimaktene mot koloniane sitt krav om nasjonal frigjoring. De opprinnelige NATO-landa var Belgia, Canada, Danmark, Frankrike, Island, Italia, Luxemburg, Nederland, Norge, Portugal, Storbritannia og USA. Av dei 12 landa var 7 kolonimakter, mens 2 var europeiske settlerstatar i Amerika, basert på kolonisering.

I NATO sine første år dreiv fleire NATO-land krigar for å oppretthalde kolonimakta, som Frankrike i Algerie og Indokina og Storbritannia i Kenya. Den mest krigerske NATO-makta var likevel heilt klart USA. Etter andre verdskrigen har landet deltatt i minst 30 krigar, i tillegg til at dei har stått bak eit stort antal statskupp. Ingen av krigane eller kupp har gjort diktatur til demokrati, men mange har gjort omvendt. Om ikkje NATO formelt gikk inn i desse krigane, var det aldri tvil om kva side alliansen sto på. Frå starten var NATO basert på den sterkaste sin rett og at ein nasjon har sjølvråderett bare så lenge han ikkje utfordrar makta til USA og dei vestlige kolonimaktene. Dette har Noreg godtatt frå starten.

Når den norske regjeringa først hadde knytt seg militært til vestmaktene, var det ikkje langt fram til også å gjøre det økonomisk. Da EF blei danna i 1957 gikk det ikke lenge før Norge ville være med. Fire gongar har eit fleirtal på Stortinget søkt Noreg inn i EU, Dei har blitt stansa kvar gong, men det er ingen tvil om kva dei dominerande politikarane har meint, frå 1960 til i dag. I løpet av denne tida har EU sitt myndigheitsområde blitt kraftig utvida og det einskilde medlemslandet sin sjølvråderett tilsvarende redusert.

I mange tiår har det vore eit fast uttrykk i Noreg: "Dei med dei lengste 17.mai-sløyfene". Det var ofte overklassefolk, som snakka stort om nasjonalt sjølvstende på 17.mai, men som samtidig var dei første til å selge landet så snart det lønte seg for dei.

EU var som NATO bygd på gamle kolonimakter. Av dei 12 første medlemslanda hadde 9 oversjøiske koloniar da, eller hadde hatt det ganske nylig. EU sto for det stikk motsette av nasjonal sjølvråderett, både innad og utad.

Kva feirar da ein EU-tilhengar på 17. mai? Eit sjølvstende som hen ikkje ønsker for Noreg og heller ikkje unner andre land. Likevel er trulig dei fleste 17.mai-talarar EU-tilhengarar. Det er bare ein ting å seie: Dei eig ikkje skamvet.

4.

Den høgstemte nasjonalismen og sjølvskrytet i songane og i talane til dei med dei lengste 17.mai-sløyfene blei enkelt oppsummert av "landsmoderen" Gro Harlem Bruntland: *Det er typisk norsk å være god*. Vi er rikast, mest lukkelige, sunnaste, reinaste, mest demokratiske og likestilte. Vi har verdas vakraste natur, verdas beste skole- og helsevesen, verdas beste idrettsfolk, i alle fall på ski, som vi er fødte med på beina. Vi har verdas beste oljeressursar, vindressursar, vassressursar, fiskeressursar og mineralressursar, som vi derfor er forplikta til å dele med resten av verda (og som ein heilt utilsikta biverknad kan tene nokre milliardar dollar på).

I snart 37 år har eg kvart år hatt høve til å samanlikne Noreg med eit land nokolunde rett sør for oss. (At Noreg er i Vest-Europa og Polen i Aust-Europa er ein politisk og ikkje ein geografisk konstruksjon.) I denne tida har det skjedd store politiske endringar i Polen, men gjennom heile denne tida har det vore ei utbreidd oppfatning i begge landa at det aller meste er betre i Noreg. Første gong ein polakk var med meg til Noreg, besøkte vi Vardø. Byen, som ligg aust for St. Petersburg og på linje med Kiev og Kairo, var da ramma av den totale fiskerikrisa der alt blei lagt ned, folk flytta bort og forfallet var ikkje til å skjule. Tomme hus var til sals for ein slikk og ingenting og alt av byggearbeid hadde stansa opp. Bygningsarbeidarar som ikkje ville eller kunne flytte bort, prøvde å omskolere seg for bygging blei det visst aldri meir. Da vi gikk rundt i denne

deprimerande byen sa polakken: – Dette vil ingen tru på om eg fortel det i Polen. Det er jo ikkje slik i Noreg. Etter kvart har ganske mange polakkar som har fått den blanda gleda av å bli brukt til sosial dumping i Noreg også fått sjå ein del av baksida av medalja, sjølv om polske bygningsarbeidarar sjølv sagt ikkje blir innkalt dit der inga bygging skjer.

Seinare har eg fått høve å sjå forskjellige sider ved samfunnet i dei to landa på nært hald. Konklusjonen som nok mange vil stusse ved er at trass alle feil og manglar ved det polske samfunnet, så har ein i alle fall eit skolevesen, helsevesen, barnevern og rettsvesen som på mange måtar er betre enn det norske. Det er typisk norsk å vere sjølvgod.

Er det så bare elendigheit? Finst det ikkje noko med Noreg som er verdt å feire – og å kjempe for? Jo, det gjør det sjølv sagt. Hadde det ikkje gjort det hadde eg bare flytta ut og bedt fødelandet sigle sin eigen sjø.

Vi har, eller rettare har hatt, ein fantastisk natur. For norsk natur er i ferd med å bli ein saga blott. Dei fleste har sett karta over korleis inngrepsfrie område i Noreg frå 1900 til 2018 har blitt redusert til ein liten brøkdel. Dei siste åra har denne utviklinga blitt forsterka og med dei planane som no blir lagt vil inngrepsfrie område om få år vere redusert til nasjonalparker og naturreservat. Og ikkje ein gong der er naturen trygg. På Austlandet byggast det motorvegar gjennom naturreservat, på Vestlandet monsterlinjer gjennom nasjonalparker, mens det planleggast kraftutbygging i verna vassdrag. "Mer av alt – raskere" er parola. Meir gruver, meir gruveavfall i fjordar, meir vindkraft på alle fjell og vidder, meir forureining, meir flatehogst. Og trass alle store ord om grønt skifte: Meir oljeboring og enno meir oppfylling av oljefondet. Havet skal fyllast med vindturbinar, både faste og flytande. Noreg skal vere det siste landet som dumpar gruveavgang i sjø og det første landet som raserer havbotnen etter enno fleire mineral. Det einaste vi ikkje skal ha meir av er natur.

Ein del av naturraseringa kjem ikkje fram på karta over inngrepsfrie naturområde. Det er raseringa av nærnaturen. Skogholta mellom bustadane, myrer, kratt, bekkar og tjønner i nærheita av der folk bur. By- og tettstadsnaturen. Den naturen som betyr noko for oss til kvardags, ikkje bare i feriane. Den naturen har ikkje noko vern.

For å få gjennomført denne enorme naturraseringa utan å få det totale folkeopprør, har det vore nødvendig med ei rekke tiltak. Ei av dei er å fjerne naturkunnskap frå skolen. Vi skal ikkje lenger ha artskunnskap, slik at vi kan sjå når artar blir borte. Det er ikkje plass for generell naturinformasjon i det norske samfunnet. Statlig støtte blir gitt til spesialsenter for nasjonalparker, rovdyr, villrein og våtmark, for naturbrokker som staten vil ta vare på, senter for heilskapelig naturinformasjon er ikkje forbode med lov, men umogleg å få finansiert.

Noreg har ein rik kultur. Eller rettare vi har fleire, for ikkje å seie mange kulturar og mange variantar av norsk, samisk og kvensk kultur og kulturar som innvandrarar har tatt med seg hit og utvikla vidare.

Da samisk og kvensk kultur og språk skulle utryddast i Noreg, var det ein vedtatt statlig politikk. Det var ein hard kamp for å snu dette, og at nokre sider ved samisk kultur i dag står sterkare enn nokon gong, er ikkje eit resultat av norske styresmakter, snarare i strid med desse. Det er ikkje lenger dansk og svensk styre som hindrar utviklinga av norsk kultur og språk. Britisk kolonisering gjorde engelsk til eit verdsspråk og frå andre verdskrigen er det først og fremst amerikansk kulturimperialisme som har erobra verda. Ofte i eit offentlig-privat samarbeid, med NATO-landa og andre av USA sine allierte som ivrige formidlarar av engelskspråklige filmar, songar, bøker og ikkje minst dataprogram. Slår ein på den norske statsradioen, NRK, hører ein garantert minst 2/3 engelskspråklig musikk, og privateigd radio er ikkje eit hår betre.

Da eg studerte rundt 1990 tok Noreg inn studentar frå heile verda, ga dei intensivt norskkurs og lot dei studere i lag med norske studentar. 30 år seinare fikk dei gå eigne engelskspråklige kurs, og norske studentar måtte også ta desse på engelsk. Læremidla er 90 % engelskspråklig og det same er avhandlingar til master og hovudfag. Norsk språk er på veg ut av academia. Kva blir det neste? Engelsk som undervisningsspråk også i vidaregåande skole?

utanrikspolitikken sidan 1949 knapt gjort noko på eiga hand. Men vi har deltatt med våpen og / eller soldatar i dei USA-leia krigane i Korea, Afghanistan, Irak, Libya, Jugoslavia og Ukraina. Samtidig har Noreg mala eit bilde av seg sjølv som den store fredsmeklaren, som utan hell har mekka i Sri Lanka og i Israel/Palestina skapt ein avtale som har gjort Oslo til eit skjellsord blant palestinarar. Ja, eg vil forsvare og feire både natur, kultur og fred. Men da kan vi ikkje late som det er dette som er politikken til norske styresmakter og til dei maktene som styrer dei. Det kan ikkje gjørast i lag med dei kreftene som kjempar mot naturen, mot kulturen og mot freden. Det må skje i kamp mot dei. Og det blir vi nøydd å seie høgt, også på 17. mai.

Vel overstått denne gong. Skal vi få sagt det tydeligare neste gong? Og kvar dag fram til da.